



DEN NORSKE KYRKJA

Kaupanger Sokneråd

Kaupanger 22.09.20

Referat frå møte i Kaupanger Sokneråd

Møtedato: Tysdag 22.09.20
Møtetid: Kl. 19.00 - 21.00
Møtestad: Gamleskulen i Kaupanger

Desse møtte: 1) Einar Skeie, leiar 2) Rasmus Stokke, skrifvar 3) Margunn Lomheim, medlem 5) Terje Hauståker, kasserar 6) Marie Bukholm, medlem, 2. vara) Anny Hofsvik
Vegard B. Lie – sokneprest – fråfall for May Kristel og Inger Johanne

Opning:

- Velkomen og gjennomgang av saklista v/Einar
- Ord for dagen ved Vegard

Sakliste:

Sak 26/20 Godkjenning av innkalling og referat frå møtet 25.08.20.

Godkjent

Sak 27/20 Dugnad for rydding i eksisterande Kyrkjegardsbygg, framlegg til dato og kvar me kan lagra konfirmanthoppene? Kort info om status for når rivinga av kyrkjegardsbygget startar, og når riksantikvar og fylkeskommune har handsama alle detaljar og endringar for nybygga.

Det er problem for fylkeskommunen og riksantikvaren å halde fristane. Dei hadde lova svar i august. Det viser seg no at riksantikvaren treng å gjere ny synfaring og nytt dispensasjonsvedtak etter endringar som følgje av sakshandsaminga i fylkeskommunen. Treng ikkje å sende ny søknad til riksantikvaren. Det ser likevel ut til at framdrifta er så god at vi kan gjennomføre rydde- og utflyttingsdugnad i løpet av den komande månaden. Vi får lagre konfirmanthoppene i Ølmheim Kyrkje.

Konklusjon: Det blir gjennomført utryddingsdugnad laurdag 3. oktober, kl. 1000. Dei frå soknerådet som har høve stiller. Terje tek med bil og hengar. Einar har gjort avtale med Erik Asbjørn Thue om å delta. Einar sjekkar lagringsplass med Knagenhjelm.

Sak 28/20 Endringar/oppdateringar av Gudstenesteplan og møteplan frå 04. oktober og ut januar 2021.

Ein gjekk gjennom den oppdaterte planen, og dette er datoane for aktivitetane til og med januar 2021:

4/10: Kveldsgudsteneste

18/10: Gudsteneste

24/10: Konfirmasjonsgudstener flytta til Stedje kyrkje

1/11: Helgemesse

17/11: Soknerådsmøte

22/11: Kveldsgudsteneste

6/12: Lysmesse

21/12: Skulegudstener

24/12 kl. 1600: Julegudsteneste, ute
26/12: Høgtidsgudsteneste
10/1: Kveldsgudsteneste
24/1: Gudsteneste

Sjå elles vedlagt gudstenesteplan for meir informasjon.

Sak 29/20 Me set av litt tid til å diskutera våre meiningar og oppfatningar av saka som har vore mykje framme i media den siste tida: Samarbeid mellom soknepresten i Stedje og kvinnelege prestar i kyrkjelege handlingar – kva kan konsekvensane bli?

Marie innleia med utgangspunkt i reaksjonen som vart sendt til sokneprest Bondevik Lie, og som blei støtta av alle i rådet. Soknepresten refererte svaret han gav. Rådet diskuterte saka med utgangspunkt i medieinnspela, og konsekvensane det har hatt for sokna og motivasjonen for det frivillige arbeidet. Konfirmantforeldra blir følgde særskild opp for å byggje tillit.

Rådet var samde om å følgje opp innspel frå Leikanger sokneråd, og gjorde dette vedtaket:

Kaupanger Sokneråd er oppteken av uroa som denne saka har skapt i kyrkjelydane, alle utmeldingane, også i vårt sokn, og kva dette betyr for dei tilsette og alle som er involverte. Ein er også uroa for kva det har å seie for kyrkja som arbeidsgjevar i høve til sine arbeidstakarar. Kaupanger sokneråd er klare på at vår kyrkje er, og skal vere, ei kyrkje som er open for alle, der alle er likeverdige.

Sak 30/20 Orienteringssaker:

a) Utdrag frå notat i første møte i Arbeidsgruppa for innvandrarar frå Gitte : Gruppa er etablert, og har samling kvar månad. Dei kjem til å ha Stedjetunet som base, men aktivitetar ulike stader både ute og inne. Dei har samarbeid med organist og trusopplærar. Gruppa er sett sama av Ann Karin Sandal, Birgit Johnsen, Astrid Sønstegaard, Sissel Aina Aaberge og Gitte Torstad.

b) Informasjon frå Marie og Margunn om arbeidet med utarbeiding av rutineskildringar for frivillige medarbeidarar

Marie orienterte om framdrifta i arbeidet, og ein gjekk gjennom aktuelle spørsmålsstillingar. Rutineskildringane frå Stedje sokn blir brukte som mal og tilpassa Kaupanger. Dei blir klargjorde for vedtak på neste møte.

c) Undersøkja tilbod på nye benker til kyrkjegarden hos Sogndal Ressurssenter i Kaupanger

Einar sjekkar ut om ressursenteret kan ta på seg arbeidet og prisar. Ein tek sikte på 4-6 benkar. Han sjekkar og om fellesrådet kan dekke heile eller delar av utgiftene.

d) Ordinasjon av Kathrine Valle i Gaupne kyrkje laurdag 19.09. kl.16.00 - kort info frå seremonien v/Einar

Einar deltok på ordinasjonen på vegne av soknerådet.

e) Ny sokneprest i Kaupanger sokn

Katrine Valle vil overta som fungerande sokneprest i Kaupanger sokn fram til sommaren

For Kaupanger Sokneråd

Rasmus Stokke
skrivar

Einar Skeie
leiar